



GEBYRREGULATIV for 2014

Teknisk sektor

Arealplan. Byggesak. Geodata.

Regulativet vart vedteke av kommunestyret den 12.12.13, i sak 98/13, og gjeld frå 01.01.14.

Gebyrregulativet er vedteke med følgjande heimlar:

- §§ 2-1 og 33-1 i plan og bygningsloven av 27. juni 2008.
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005.
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997.
- Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker m.v. av 29. desember 1993. (Forskrift til forvaltningslova § 27a.)
- § 52 a i lov av 13. mars 1981 nr 6 om vern mot ureiningar og om avfall (ureiningslova).
- § 6 i lov om hamner og farvatn av 17.april 2009.
- § 4 i forskrifta til offentleglova

Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ med det siste heimelsgrunnlaget.

INNHALD

A	Generelle reglar		
A.1	Betalingsplikt.....	Side	4
A.2	Kva for regulativ skal nyttast.....	Side	4
A.3	Betalingstidspunkt.....	Side	4
A.4	Urimelege gebyr	Side	4
A.5	Fritak for gebyr	Side	4
A.6	Klage på gebyr.....	Side	4
A.7	Avbrote arbeid.....	Side	4
A.8	Endring av regulativet.....	Side	5
A.9	Gebyr til statlege etatar.....	Side	5
B	Tenester som skal betalast etter medgått tid		
B.1	Timepris.....	Side	5
C	Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (Pbl§33-1)		
C.1	Kart og eigedomsoppgåver (Pbl§2).....	Side	5
	C.1.1 Bruk av kartbasis		
	C.1.2. Analoge situasjonskart på papir.....	Side	5
	C.1.3 Digitalt situasjonskart.	Side	5
C.2	Arealplansaker (Pbl§12)	Side	6
	C.2.1 Privat forslag til detaljregulering (pbl§12-3 og §12-11)	Side	6
	C.2.2 Forny søknad.....	Side	6
	C.2.3 Søknad om planendring (Pbl§12-14)	Side	6
	C.2.4 Konsekvensutgreiing (Pbl§12-10)	Side	6
	C.2.5 Avvist eller mangelfull sak.....	Side	7
	C.2.6 Utbyggingsavtale.....	Side	7
C.3	Refusjonssaker (Pbl kap.18.)	Side	7
	C.3.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (Pbl§18-8)	Side	7
	C.3.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (Pbl§18-9)	Side	7
	C.3.3 Avvist eller mangelfull refusjonssak.....	Side	7
C.4	Dispensasjon (Pbl kap.19).....	Side	6
C.5	Byggesak. Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker)	Side	8
	C.5.1 Tiltak der søker sjølv kan stå for (Pbl§20-2)	Side	8
	C.5.2 Tiltak som krev kvalifisert ansvarlege føretak (Pbl§20-1)	Side	8
	C.5.3 Ansvarsrett	Side	10
	C.5.4 Delingssøknad (Pbl§20-1 bokstav m).	Side	11
	C.5.5 Ulovlege byggearbeid (Pbl kap 32.)	Side	11
	C.5.5.1. Melding til tiltakshavar om ulovleg byggearbeid med rettleiing.....	Side	11
	C.5.5.2. Oppfølgjande sakshandsaming av ulovleg byggearbeid.....	Side	11
D	Gebyr for arbeid etter matrikkellova (§ 32)		
D.1	Etablering av ny matrikkeleining (§§ 6, 10 og 12)	Side	12
	D.1.1 Etablering av grunneigedom, festegrund og punktfeste.....	Side	12
	D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (§§ 10 og 13)	Side	12
	D.1.3 Registrering av eks. jordsameige eller endr. i registrert sameigefordeling. (§§ 6, 10 og 14)	Side	12
	D.1.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (§ 6) Gebyr som for vedkomande eining	Side	12
	D.1.5 Oppretting av anleggseigedom (§§ 6, 10 og 11)	Side	12
	D.1.6 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid.....	Side	12
D.2	Tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon (§§ 6 e og 10)	Side	12

D.3	Justering av grense (§§ 10 og 16)		
	D.3.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige...	Side	13
D.4	Areal-/volumoverføring (§§ 10 og 15)		
	D.4.1 Arealoverføring for grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....	Side	13
	D.4.2 Volumoverføring for anleggseigedom.....	Side	13
D.5	Klarlegging av eksisterande grense		
	D.5.1 Klarlegging av eks. grense der grensa er koordinatbestemt v/tidlegare oppmålingsforretning.....	Side	13
	D.5.2 Klarlegging av eks. grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt.....	Side	13
	D.5.3 Klarlegging av rettar og servituttar.....	Side	13
	D.5.4 Matrikkelføring av privat avtale om grense (§§ 8 og 19)	Side	13
D.6	Avbrott i rekvirert arbeid som kommunen kan krevje gebyr for (§ 32)	Side	13
D.7	Gebyr til kommunen når oppmålingsforretning blir utført av annan kvalifisert landmålar...	Side	14
D.8	Matrikkelbrev (§ 16) Utskrift frå matrikkelen.....	Side	14
E.	Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (Esl§7)		
	E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom.....	Side	14
	E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon.....	Side	14
	E.3 Ny handsaming av avslegen søknad.....	Side	14
F.	Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker (m.v. av 29. desember 1993)		
	(Staten fastset gebyret).....	Side	14
G	Gebyr for tiltakssaker etter ureiningslova		
	G.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (kap 2 i forskrifta)	Side	15
	G.2 Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (§ 11-4 i ureiningsforskrifta av 01.06.2004.).....	Side	15
	G.2.1 Søknadssaker.....	Side	15
	G.2.2 Meldingssaker (føreset lokal forskrift)	Side	15
	G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad.....	Side	15
	G.2.4 Avvist eller mangelfull sak.....	Side	15
	G.3 Kontroll saker.....	Side	15
H	Gebyr for tiltakssaker etter hamne- og farvasslova, § 6		
	H.1. Sakshandsaming utført av kommunen.....	Side	15

A Generelle reglar.

A.1 Betalingsplikt.

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. **Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle bli avslegen.**

Kommunen skal av eige tiltak betala attende der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling vert det ilagt eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg der kommunen har motteke for mykje gebyr.

A.2 Kva for regulativ skal nyttast.

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som er føresett for at kommunen skal kunna slutthandsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, til dømes ein del reguleringsplansaker, byggesaker med delt sakshandsaming (ramme-/igangsettingsløyve), refusjonssaker og delingssaker, skal ein nytta det gebyrregulativet som er eller var gjeldande når føresetnadene for å slutthandsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som er relatert til timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

Kommunen fastset kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

A.3 Betalingstidspunkt.

Før kommunen skriv ut *mellombels bruksløyve eller ferdigattest*, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal gebyr for oppmålingsforretning og andre gebyrsaker som skal matrikkelførast, og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vera betalt før aktuelle dokument blir matrikkelført.

For søknadssaker **kan** kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt **før** sakshandsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid **kan** kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengd betalingsfrist.

A.4 Urimelig gebyr.

Når særleg grunn ligg føre, kan det søkast om redusert gebyr. Søknad om nedsetting av gebyr utsett ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale tilhøve reknast ikkje som særleg grunn.

A.5 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.

I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga for å tilfredsstilla lovkrava til denne, kan kommunen i tillegg til gebyret krevje å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

A.6 Klage på gebyr.

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova.

Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter ureiningslova.

Det kan ikkje klagast på at gebyrregulativet vert brukt, berre på feil bruk. Klage skal vere grunngitt.

A.7 Avbrote arbeid.

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra. Gebyret vert fastsett etter kommunen sitt skjønn.

A.8 Endring av regulativet.

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved slike endringar skal ein avrunda satsane.

Satsar under kr. 1.000 skal ein avrunda til heile 10 kroner,

satsar frå kr. 1.000-10.000 til heile hundre kroner og satsar frå kr 10.000 til heile tusen kroner.

A.9 Gebyr til statlege etatar.

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen blir påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, skal dekkast av rekvirenten.

B Tenester som skal betalast etter medgått tid.

B.1 Timepris.

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jf. dette regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

Kode	B.1. Timepris	
B.1.a	Kontorarbeid	800
B.1.b	Feltarbeid	1100

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (Pbl§33-1).

C.1 Kart og eigedomsoppgåver (Pbl§2).

C.1.1 Bruk av kartbasis i samsvar med Pbl§2-1, og § 4 i forskrifta til offentleglova.

Fast sats i alle saker der det nyttast informasjon frå basiskart: kr. 500,- pr sak.

C.1.2 Analoge situasjonskart på papir for byggesak, delesak, dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringssak, konsesjonssak, saker etter ureiningslova og saker etter hamne- og farvasslova.

Situasjonskart, nabooppgåve og planinformasjon vert gitt ut på førespurnad frå tiltakshavar.

C.1.3 Digitale situasjonskart.

Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart.

Sjå www.statkart.no/nor/Land/Fagomrader/Geovekst/Salg_av_data/

AREALPLAN

C.2 Arealplansaker (Pbl§12).

C.2.1 Privat forslag til utbyggingsplan, reguleringsplan, (Pbl §§ 12-3 og 12-11).
Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

	Basisgebyr	Vanleg sak. (Areal < 100 dA og/eller < 70 bueningar).	Komplisert sak. (Areal > 100 dA og/eller > 70 bueningar).
C.2.1a	Oppstartsmøte	12.000	12.000
C.2.1b	Basisgebyr	78.000	129.000

Tilleggsgebyr

Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med eit planforslag som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak. Dersom kommunen som ledd i sakshandsaminga fram til saka blir ei "offentleg" plansak, må bruka tid på avklaringar av rammer som er uavklart(e) i høve til lov, forskrift, overordna plan eller vedtak gjort i medhald av desse, - eller - må bruka tid på å få planpresentasjonen i samsvar med forskriftskrava, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid og gebyrsatsar kap. B.1 avrunda til heil time. Tilleggsgebyret femnar òg om utgifter til ekstern spesialkompetanse. Utbyggjar skal varslast før tilleggsgebyr vert teken i bruk.

Betalingsregel

Basisgebyret skal delast i 2 og fakturerast etter følgjande milepælar:
Gebyr for oppstartsmøte er obligatorisk. Gebyr vert sendt i samband med referat frå møte.
100 % av basis- og (evt) tilleggsgebyr skal vere betalt når planen vert sendt på høyring,

C.2.2 Fornya søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (sjå C.2.1). Ein fornya søknad skal klassifiserast ut frå den situasjonen som søknaden er i, i høve til klassifiseringsreglane ovanfor. Deretter skal kommunen rekna ut gebyret for saka.

C.2.3 Søknad om planendring (Pbl§12-14).

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:
Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

C.2.3.b	Basisgebyr. Vanleg sak. Vesentlege endringar utan motsegn/protest.	21.500
C.2.3.c	Basisgebyr. Komplisert sak. Vesentlege endringar eller innvendingar. Basisgebyr som for ny sak, sjå C.2.1.	

I tillegg kan det for alle sakstypene krevjast gebyr etter C.2.1 for tilleggsarbeid.
Betalingsregel som i C.2.1.

C.2.4 Konsekvensutgreiing (Pbl§12-10).

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid. Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

C.2.4.	Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve	45.200
--------	--	--------

C.2.5 Avvist eller mangelfull plansak.

Dersom motteke sak (C.2.1 og C.2.3) er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna retta manglane i samsvar med pkt. C.2.1, skal saka returnerast til innsendar med melding om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For kommunen sitt arbeid i dette høve skal innsendar betala følgjande gebyr for: Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

C.2.5.a	Enkel eller avvist sak	600
C.2.5.b	Middels tung sak	1.200
C.2.5.c	Komplisert sak	2.000

C.2.6 Utbyggingsavtale (Pbl kap17).

Det betalast gebyr etter medgått tid. Sjå B1.

C.2.6.	Minstegebyr	23.000
--------	-------------	--------

C.3 Refusjonssaker (Pbl kap. 18).

Planhandsaming og refusjonsvedtak (Pbl§§18-8).
Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (Pbl§18-9).

C.3.1.	Gebyr i høve til medgått tid i refusjonssak. Min. gebyr.	27.500
C.3.2	Gebyr i høve til medgått tid i kostnadskontroll i refusjonssak. Minstegebyr.	41.000

Kommunen kan nekta å starta arbeid etter C.3.2 til gebyr for arbeida som inngår i C.3.1 og minstegebyret etter C.3.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i sakshandsaminga.

C.3.3 Avvist eller mangelfull refusjonssak.

Dersom motteke sak blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama henne, skal saka returnerast til innsendar med melding om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For avvist sak skal grunne til avvisninga gjevast saman med opplysning om klageretten på avvisninga.

C.3.3.	Avvist refusjonssak.	1.200
--------	----------------------	-------

DISPENSASJON

C.4 Dispensasjon (Pbl§§ 19-1, 19-2, 19-3 og kap 20).

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr.
Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

C.4.1	Dispensasjon frå ei enkel føresegn gitt i eller i medhald av Pbl	7.900,-
C.4.2	Dispensasjon frå fleire føresegner gitt i eller i medhald av Pbl. per dispensasjon.	7.900,-
C.4.3	Dispensasjon for mindre tiltak (Pbl§20-2) på bygd bustadeigedom i område avsett til føremålet LNF i plan utanfor 100 m-beltet.	3.150,-

BYGGESAK

C.5 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker. Pbl kap 20).

Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side. Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver utgjer ca. 10 %, jf. Pbl§33-1.

- For større utbyggingar/byggefelt vert VVA-anlegg handsama som eigen byggesak.

C.5.1 Tiltak etter Pbl§20-2.

Mindre tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om. Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1: kr.500).

C.5.1.a	Tilbygg, BRA/BYA < 50 m². Frittstående garasje, uthus mv. der BRA/BYA <70 m². (Pbl§20-2a. SAK§3-1a, b og c)	6.500
C.5.1.b	Antenne / Mast, 2m>H<5m. Skilt med storleik<6,5m ² , flatt på vegg og / eller frittstående reklameinnretning H<3,5m, B<1,4m. (Pbl§20-2a. SAK§3-1d og e.)	3.900
C.5.1.c	Driftsbygg i landbruket, BRA<500 m². (Pbl§20-2b. SAK§3-2a og b.)	6.500
C.5.1.d	Driftsbygg i landbruket, 500 m² >BRA<1000 m². (Pbl§20-2b. SAK§3-2a og b.) Arealtillegg pr. 1 m ² BRA over 500 m ² : (BRA>1000 m ² er søknadspliktig etter Pbl§20-1.)	6.500 40
C.5.1.e	Brakke (rigg, anleggsgjerde) utan tilknytning til eigedom / byggeplass, mellombels (< 2 år). (Tiltak i Pbl. § 20-2 c)	3.800
C.5.1.f	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, eigen brukseining. (Pbl. § 20-2 d)	3.800
C.5.1.g	Riving av mindre tiltak etter Pbl§20-2. 50% av ordinært byggesaksgebyr.	
Avvising / retting av Pbl§20-2 sak.		
C.5.1.h	Avvising av sak (retur)	790
C.5.1.i	Retting av sak/melding til søker om manglar ved søknad (mangelbrev).	530

C.5.2 Tiltak etter Pbl§20-1.

Tiltak som krev kvalifisert ansvarleg føretak. Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1: kr.500).

C.5.2a	- Førehandskonferanse , - Eigen søknad om igangsetting , - Eigen søknad om mellombels bruksløyve.	2.800
C.5.2b	Ny bueining, fritidsbustad, tilbygg påbygg/underbygg til bustad - Den første bueining, uansett storleik: - Den andre bueininga uansett storleik: - Dei neste, per bueining:	13.000 9.800 6.500
C.5.2c	Tilbygg , BRA/BYA > 50 m ² .	7.400
C.5.2d	Påbygg/underbygg til bustad. - Påbygg/Underbygg. BRA/BYA < 50 m ² .	6.500
C.5.2e	- Påbygg/Underbygg. BRA/BYA > 50 m ² .	9.800
C.5.2f	Parkering på eller i bustadbygg (parkeringshus/anlegg) får tillegg: - Storleik Inntil BRA/BYA 50 m ² : - Storleik på 50 m ² <BRA/BYA>100 m ² : - Storleik over 100 m ² - Arealtillegg pr. 1 m ² /BRA/BYA over 100 m ²	0 10.000 40

Gebyret inkluderar behandling av medfølgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar som er skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller brukseining, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for nytt bygg.

For andre frittståande bygningar som ikkje vert nytta til å bu i (uthus/garasjar) som er søkt oppført saman med bustad skal det betalast eit gebyr etter c.5.1.a for bygningar som er under BRA/BYA 70 m².

For større byggverk skal det betalast eit gebyr som for ny bygning etter C.5.2s.

C.5.2g	Bygg for Erverv, - Kultur, - Landbruk, - Næring, - Publikum. - Nybygg, tilbygg, påbygg og underbygg. Arealtillegg pr. 1 m ² BRA:	17.900 40
--------	--	--------------

Gebyret inkluderar behandling av medfølgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendrings som er skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller brukseining, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det betalast gebyr som for nytt bygg.

C.5.2h	Endring, reparasjon , jf Pbl § 20-1 bokstav b og c - Hovudombygging. Søknadspiktig endring/reparasjon/fasadeendring av eks. bygg som krev sakshandsaming -	50% av gebyr for nytt tiltak.
C.5.2i	Bruksendring , jf Pbl § 20-1 bokstav d - Bruksendring til bustadføremål. - Fullt gebyr etter C.5.2.a1. - Bruksendring av enkeltrom, sjå C.5.1.a. - Bruksendring til andre føremål. - 25% av gebyr for ervervsbygg (C.5.2g)	
C.5.2i	Riving av byggverk. jf Pbl § 20-1 bokstav e.	10.000

	Bygningstekniske installasjonar. jf Pbl § 20-1f. Pipe, ventilasjonsanlegg m.v.	
C.5.2j	Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar inkludert enkle VA-anlegg inntil 2 bueiningar.	3.700
C.5.2k	VA-anlegg i grunn. 3 - 50 bueiningar.	9.500
C.5.2l	VA-anlegg i grunn. > 50 bueiningar	18.900

	Innhegning og støttemur , jf Pbl § 20-1 bokstav h	
C.5.2m	Innhegning/ støttemur under 3,0m høgde	3.700
C.5.2n	Innhegning /støttemur over 3,0m høgde	7.400

	Skilt , jf Pbl § 20-1 bokstav i	
C.5.2o	Skilttavle og reklameinnretningar. Skilt > 6,5 m ² . På flat vegg og / eller frittstående reklameinnretningar H > 3,5 m, B > 1,4m. Mindre skilt, sjå C.5.1.e.	7.400

	Terrenginngrep (Pbl § 20-1 bokstav k)	
C.5.2p	Vesentleg terrenginngrep	10.000

	Parkeringsplass og landingsplass, jf Pbl § 20-1 bokstav l	
C.5.2q	Parkeringsplass på terreng inntil 15 bilar	3.700
C.5.2r	Parkeringsplass på terreng over 15 bilar	7.400
	Parkering på eller i bygning, parkeringshus/anlegg som gjeld for ervervsbygg (C.5.2a7)	

C.5.2s	Alle andre søknadssaker med unntak av godkjenning av føretak. Til dømes Anlegg, Basseng, Carport, Flytebrygge, Garasje, Kai, Konstruksjonar, Molo, Naust, Riving av 20-1-tiltak, Støttemurar, Uthus, (Tilbygg, Påbygg og Underbygg), Vass- og veganlegg. Gebyret gjeld pr. brukseining.	10.000
--------	---	--------

	Avvising/retting av 20-1 sak.	
C.5.2t	Avvising av sak (retur)	2.100
C.5.2u	Retting av sak/melding til søkjar om manglar ved søknad (mangelbrev)	1.050

C.5.3 Ansvarsrett pr. stk for tiltak etter pbl § 20-1 og 20-2

	Søknad om ansvarsrett pr stk.	
C.5.31	Lokal godkjenning av føretak med ansvarsrett	2.500
C.5.32	Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning. Personleg godkjenning for ansvarsrett (sjølvbygger/tiltakshavar)	1.050

C.5.4 Delingssøknad (Pbl§20-1 bokstav m).

Gebyret gjeld per søknad. Der søknaden gjeld fleire formål eller område med ulik reguleringsstatus, skal gebyret reknast ut etter dei høgste satsane.

Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

C.5.4.1	Søknad i regulert område	
C.5.4.1.a	Byggetomt, 1 stk. - Tillegg for fleire tomter i same delingssøknad: - Tomt nr.2-5 50% - Tomt nr.6 og oppover 25%	5.800
C.5.4.1.b	andre føremål	5.000
C.5.4.2	Søknad i uregulert område	
C.5.4.2.a	Byggetomt	7.400
C.5.4.2.b	andre føremål	5.800
C.5.4.3	Søknad om oppretting av ny anleggseigedom. I følge avtale.	

Inneber søknaden dispensasjonsvurdering, skal det i tillegg betalast gebyr etter pkt. om disp.

For delingssak som også krev godkjenning etter jordlova, skal det i tillegg krevjast gebyr etter forskrift om gebyr for behandling av konsesjons saker m.v. av 29. desember 1993, § 1, bokstav b.

C.5.5 Ulovlege byggearbeid (Pbl kap 32).

Gebyra for ulovlege byggearbeid *kjem i tillegg* til gebyr for ordinær sakshandsaming etter C5.1 og C.5.2.

C.5.5.1 Melding til tiltakshavar om ulovleg byggearbeid med rettingsrettlegg.

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettlegg/opplysning om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket, skal det betalast

C.5.4.1a	Påpeiking av ulovleg byggearbeid. Tiltak som tiltakshavar sjølv står for. Pbl§20-2.	5.400
C.5.4.1b	Påpeiking av ulovleg byggearbeid. Tiltak som krev kvalifisert ansvarleg føretak. Pbl§20-1, 2.ledd ¹⁾ .	10.500

C.5.5.2 Oppfølgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid.

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta seg etter dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid etter pkt. B i dette regulativet der tidbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand.

C.5.5.2a	Tiltak som tiltakshavar sjølv står for. Pbl§20-2. Minstegebyr.	7.100
C.5.5.2b	Tiltak som krev kvalifisert ansvarleg føretak. Minstegebyr. Pbl§20-1, 2.ledd. ¹⁾	14.400

D Gebyr for arbeid etter matrikkellova (PBL§ 32)

Vintersesong, jf. Matrikkelforskrifta § 18 3. ledd. Kommunestyret vedtek at tida 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfest frist for fullføring av oppmålingsforretning.

Rekvisisjonstidspunktet er den dagen alle løyve og dokumentasjonar er klare slik at saka kan handsamast etter matrikkellova. For oppmålinga er det siste vedtaksdato når det gjeld delingsløyve eller andre løyve som må føreliggja før oppmålingsforretning formelt kan rekvirerast. Gebyr betalast etter dei reglar og satsar som gjeld den dagen alle løyve til deling av eigedomen ligg føre.

D.1 Oppmålingsforretning Etablering av ny matrikkeleining (§§ 6, 10 og 12).

D.1.1 Etablering av grunneigedom, fest grunn og punkt feste (pr. eigedomsnummer).

D.1.1a	areal frå 0 – 500 m ² .	22.900
D.1.1b	areal frå 501 – 2.000 m ² (2 dekar).	32.200
D.1.1c	areal frå 2.001 m ² - 20.000 areal (20 dekar). + per påbegynt 2 dekar	36.400 3.900
D.1.1d	areal > 20 dekar + per påbegynt 20 dekar	71.700 6.000

D.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (§§ 10 og 13).

D.1.2a	areal frå 0 – 500 m ² .	18.900
D.1.2b	areal frå 501 – 2.000 m ² (2dekar).	23.100
D.1.2c	areal frå 2.001 m ² - 20.000 areal (20 dekar). + per påbegynt 2 dekar	24.100 2.400
D.1.2d	areal > 20 dekar + per påbegynt 20 dekar	46.200 2.400

D.1.3 Registrering av eksisterande jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling (§§ 6, 10 og 14).

D.1.3	Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige eller registrert fordelingsnøkkel skal fakturerast etter medgått tid. Minstegebyr.	1.100
-------	---	-------

D.1.4 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (§ 6).

D.1.4	Gebyr som for vedkomande matrikkeleining + tillegg på	3.500
-------	---	-------

D.1.5 Oppretting av anleggseigedom (§§ 6, 10 og 11).

D.1.5	I følgje avtale. Minstepris.	29.800
-------	------------------------------	--------

D.1.6 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid

Dersom oppmålingsforretning blir utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75 % av satsane ovanfor.

D.2 Tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon (§§ 6 e og 10)

D.2.a	areal frå 0 – 50 m ² .	11.300
D.2.b	areal frå 51 – 250 m ²	14.400
D.2.c	areal frå 251 m ² - 2.000 areal (2dekar)	17.900
D.2.d	areal > 200 dekar + per påbegynt dekar	20.300 1.250

D.3 Justering av grense (§§ 10 og 16).**D.3.1 Justering av eksisterende grense for grunneigedom, festegrund og jordsameie**

D.3.1a	areal frå 0 – 500 m ² .	11.300
--------	------------------------------------	--------

D.3.2 Justering av grense for anleggseigedom. I følge avtale.**D.4 Areal-/volumoverføring (§§ 10 og 15)****D.4.1 Arealoverføring for grunneigedom, festegrund og jordsameie**

D.4.1a	areal frå 0 –500m ² .	17.300
D.4.1b	areal > 500 m ² kr + pr. påbegynt 500 m ²	17.300 2.400

D.4.2 Volumoverføring for anleggseigedom. I følge avtale.**D.5 Klarlegging av eksisterende grense (§§ 10 og 17).****D.5.1 Klarlegging av eksisterende grense der grensa er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning.**

Gjeld òg festetomt der det før er halden forretning, og som har tilfredsstillande innmålte grenseliner.

D.5.1a	til og med to punkt	6.100
D.5.1b	tillegg pr. punkt frå og med grensepunkt nr. tre	1.050

D.5.2 Klarlegging av eksisterende grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt

D.5.2a	til og med to punkt	10.900
D.5.2b	tillegg pr. punkt frå og med grensepunkt nr. tre	2.100

D.5.3 Klarlegging av rettar og servituttar.

D.5.3	Gebyr etter medgått tid. Minstegebyr.	1.100
-------	---------------------------------------	-------

D.5.4 Matrikkelføring av privat avtale om grense (§§ 8 og 19).

D.5.4	Gebyr etter medgått tid. Minstegebyr.	1.100
-------	---------------------------------------	-------

D.6 Avbrott i rekvirert arbeid som kommunen kan krevje gebyr for (§ 32).**D.6.1 Avbrott forårsaka av rekvirenten.**

D.6.1	Når ein rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid etter lova blir avbrote eller må avsluttast før det er fullført, skal det betalast ein del av tilhøyrande gebyr tilsvarande det arbeidet kommunen har eller må utføre. Minimumsgebyr = 1/3 av gebyrsatsane i D.1.1. og D.1.2.	
-------	--	--

D.6.2 Avvist sak.

D.6.2	For rekvirert sak som ikkje kan fullførast av formelle grunnar og dermed blir avvist, skal det betalast gebyr etter medgått tid. Minimumsgebyr	3.500
-------	--	-------

D.7 Gebyr til kommunen når oppmålingsforretning etter skriftleg avtale med kommunen blir utført av rekvirent med kvalifisert landmålar.

Rekvirent som ønskjer å utføra sjølve oppmålingsforretninga ved kvalifisert landmålar (godkjent av kommunen), må ha skriftleg avtale med kommunen om dette. I avtalen skal m.a. fastsettast arbeidsdeling og, samhandlingsrutinar. Ved utrekning av gebyra skal nyttast følgjande %-satsar:

D.7.1	Tilrettelegging av datagrunnlag	10%
D.7.2	Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon	40%
D.7.3	Tekniske arbeid og dokumentasjon	15 %
D.7.4	Kontroll av oppmålingsforretninga og matrikkelføring	35 %

D.8 Matrikkelbrev (§ 3; gebyr fastsett av Staten, jf. matrikkelforskrifta §16.).

Matrikkelforskrifta §16,4, lyder: "Kommunen kan i alle saker ta et særskilt gebyr per utstedt matrikkelbrev som ikke må overstige kr. 175 for matrikkelbrev under 10 sider og kr 350 for større brev."

For utskrift frå matrikkelen (matrikkelbrev) er gebyret:

D.8a	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175
D.8b	Matrikkelbrev over 10 sider	350

E Gebyr for arbeid etter lov om eigarseksjonar (ESL§ 7).

- Bruk av kartbasis kjem i tillegg (kr.500).

E.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom.

a. Sak som krev synfaring:

fem rettsgebyr.

b. Sak som ikkje krev synfaring:

tre rettsgebyr.

E.2 Utarbeiding av målebrev for grunnareal som er del av ein seksjon.

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter E.1, betalast gebyr etter reglane i kap. D.2.2 eller D.2.3.

E.3 Ny handsaming av avslegen søknad.

Der fornøya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

F Konesjons og delingssaker i landbruket

Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

		Enkle	Andre
F.1	Konesjonssaker. Lov av 28. november 2003nr 98 om konesjon ved erverv av fast eigedom (konesjonslova).	1.500	5.000
F.2	Delingssaker etter jordlova. Lov av 12. mai 1995 nr 25 § 12 om delingssamtykke.	1.000	2.000

G Gebyr for tiltakssaker etter ureiningslova.

G.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (kap 2 i forskrifta).

For kommunen sine arbeid etter kap. 2 i forskrift av 01.06.04 skal det betalast gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. B i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekke sine kostnader til sakkunnig bistand.

G.2 Utslepp frå mindre avlaupsanlegg.(§ 11-4 i ureiningsforskrifta av 01.06.2004.)

G.2.1 Søknad om utsleppsløyve.

Der det etablerast nytt anlegg må det samtidig søkast om utsleppsløyve + søkast om byggeløyve for anlegget. Gebyret for utsleppsløyve gjeld i tillegg til byggesaksgebyret (C.5).

Bruk av kartbasis kjem i tillegg (sjå C.1.1.: kr.500).

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

G.2.1a	Utsleppsanlegg kalkulert til < 15 PE	4.200
G.2.1b	Utsleppsanlegg kalkulert 16 > PE < 100	6.300
G.2.1c	Utsleppsanlegg kalkulert 101 > PE < 1000	10.900

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av same storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2.

Der ein søknad gjeld fleire avlaup av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avlaup som kjem i tillegg.

G.2.2 Meldingssaker etter ureiningslova (føreset lokal forskrift) . Gjeld ikkje

For meldingssaker etter § 5 i ureiningslova er gebyret per avlaup

Gjeld ikkje

G.2.3 Ny handsaming av avslegen søknad.

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

G.2.4 Avvist eller mangelfull sak.

Dersom motteke sak blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna behandle henne, skal saka returnerast til innsendar med melding om grunnen til avvisinga eller kva som må gjerast før kommunen kan ta saka til handsaming. Ved avvising av saka skal og opplysast om klageretten på vedtaket (sjå C.5.2.)

G.3 Kontrollsaker.

For kontroll av avlaupsanlegg utført av kommunen skal betalast følgjande gebyr for kvart anlegg:

G.3a	Utsleppsanlegg kalkulert til < 15 PE	2.700
G.3b	Utsleppsanlegg kalkulert 16 > PE < 100	3.900
G.3c	Utsleppsanlegg kalkulert 101 > PE < 1000	6.500
G.3.d	Anlegg > 501 PE etter medgått tid, jf. B.2. Min.gebyr	13.200

H. Gebyr for arbeid etter hamne- og farvasslova (§6)

H.1 Sakshandsaming utført av kommunen. Tiltak jf. hamne- og farvasslova §6.

Saker etter lov av 17. april 2009, nr. 19 om "havner og farvann" (hamne- og farvasslova) §27 og tilhøyrande lokal forskrift, er med heimel i Hfl§10, delegert til Bergen og Omland havnevesen.

Bruk av kartbasis kjem i tillegg (kr.500).

.... - oo O oo -